

Søknad om dispensasjon i samband med frådelling av veg på gbnr. 102/6.

- 1) Det søkast om dispensasjon frå punkt 2.2 i aealdel til kommuneplan for Lindås kommune kjem det fram at arealet skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til deling.
- 2) Det søkast også om frådelling innanfor 100 meters beltet langs sjø og vassdrag. Dette inneber at det også vert naudsynt med dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.


Dersom kommunen finn at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå pbl. § 1-8 ber vi om det sjåast vekk ifrå den delen av dispensasjonssøknaden.

Tiltaket

Det er søkt om frådelling slik at Alver kommune kan overta vegen i tråd med tidlegare vedtak og avtale mellom grunneigarar og kommunen. Vegen vart lovleg etablert før arealet vart lagt ut til LNF i kommunedelplanen samstundes som bruken har vore samanhengande sidan etablering. Dette er soleis ei søknad om frådelling til uendra bruk, og vil ikkje krevje dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen.

Ifølgje tolkingsuttalar frå regjeringa kan ikkje læren om frådelling til uendra bruk overførast til frådellingsforbodet i §1-8 eller plankravet gjeve i gjeldande kommunedelplan. Det søkast difor om dispensasjon frå desse to forholda.

Vegareal som skal delast frå er synt i figur under.



Figur 1: Syner areal som skal delast frå.

Dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2

For at kommunen skal ha moglegheit til å gjeve dispensasjon er det to kumulative vilkår som må vere innfridd.

- 1) Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, eller omsyna i lovas føremålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser, vert vesentleg sett til side, jf. PBL § 19-2
- 2) Fordelene ved å gje dispensasjon skal vere klårt større enn ulempene, jf. PBL § 19-2.

Vurdering

- Vurdering av dispensasjon frå punkt 2.2 i areal for Lindås kommune.

Jfr. punkt 2.2: Areal sett av til bygg og anlegg, samferdelsanlegg og infrastruktur, massedeponi og masseuttak etter pbl. § 11-7 skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl. § 20-2, jf. § 20-1 vert tillate.

Søknaden gjeld dispensasjon til frådeling slik at eksisterande veg vert overteke av kommunen i tråd med tidlegare vedtak/avtale. Frådelinga vil soleis ikkje vere eit nytt tiltak i området. Frådelinga vil har som føremål å formalisere eigarskapet til vegen i tråd med vedtak. Som ei forlenging vil vedlikehaldsansvaret verte plassert hos rette eigar. Alver kommune har drifta og heldt vegen ved like sidan etablering. Vi kan ikkje sjå at tiltaket medfører nokre ulemper, og vil ikkje vere til hinder for framtidig utvikling/regulering av området. Vi ser det som fordelaktig for samfunnet som heilheit at korrekt eigarskap vert formalisert i matrikkelen.

- Vurdering av dispensasjon frå pbl. § 1-8, byggje- og deleforbod i strandsona.

Det skal ikkje ytterlegare leggest til rette for tiltak i strandsona. Vegen er allereie etablert, og frådelinga har som mål og formalisere eigarskapet til vegen. Vi kan difor ikkje sjå at det er nokre ulemper med dispensasjonen. Fordelene er dei same som under argumentasjon på førre punkt.